



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 17.01.2017  
Vår ref.: 2016/34316-2  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Oppretting av «Forum for regionsenterkommunar» i Hordaland Invitasjon til deltaking

Fylkestinget vedtok i desember 2014 *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*. Planen har som hovudmål: «Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggja for vekst i heile fylket.»

Ti kommunar har regionsenter, inkludert Bergen kommune som har 3 bydelsenter med regionale funksjonar. Hordaland fylkeskommune inviterte desse 10 kommunane til samling 27. januar 2016. Fokus var den regionale planen, og korleis nå måla i planen. Eit tydleg ønskje frå regionsenterkommunane var etablering av eit forum for kunnskapsdeling og støtte i arbeidet med å utvikla regionsentera.

Hordaland fylkeskommune har vurdert denne utfordringar og inviterer til etablering av **Forum for regionsenterkommunar**. Fylkeskommunen vil ta oppgåva med å koordinera og administrera forumet. Mandat for forumet vil vera: Leggja til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling, koordinera og samordna bruk av verkemiddel og ressursar knytt til regionsenter.

Samstundes har no Hordaland fylkeskommunen oppretta ein intern **Regionsenterring** med føremål å samordna fylkeskommunen sine aktivitetar retta mot regionsentera.

Det vert invitert til deltaking i Forum for regionsenterkommunar slik:

- Representantar for kvar av regionsenterkommunane: Askøy, Bergen, Fjell, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Odda, Os, Stord, Voss.
- Hordaland fylkeskommune v/ Regionsenterringen
- Statens vegvesen
- Fylkesmannen i Hordaland

Hordaland fylkeskommune held sekretariat for Forum for regionsenterkommunar.

Det er skissert eitt årleg møte i Forum for regionsenterkommunar med politisk deltaking og deltaking på leiarnivå, og eit eller fleire møte/ arrangement som i hovudsak er retta mot administrativt nivå. Oppstartsmøte for Forum for regionsenterkommunar vert truleg i siste veka av april 2017.

### Tilbakemelding om deltaking

Vi ber no om at kommunane, fylkesmannen og Statens vegvesen melder tilbake at ein ønskjer å delta i Forum for regionsenterkommunar. Vi ber om at det vert oppgitt ein kontaktperson i organisasjonen med

aktuell kontaktinformasjon. Denne informasjonen kan sendast som ein epost til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) med kopi til [per.nordmark@hfk.no](mailto:per.nordmark@hfk.no) .

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid for utvikling av attraktive regionsenter!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Marit Rødseth  
plansjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Rune Haugsdal